

**Frå:** Nils Mæhle

**Sendt:** 25. august 2014

**Til:** Postmottak KUD

**Emne:** Høyrings svar om NRK-plakaten

Bergen Mållag har slikt høyrings svar om NRK-plakaten:

NRK er pålagt eit allmennkringkastingsoppdrag for å stø opp om demokratiske, kulturelle og språklege behov i Noreg. Difor vil det frå vår ståstad også i framtida vera viktig med ei statleg styring av språkpolitikken i allmennkringkastingskanalane.

**For Bergen Mållag er dette særskilt viktig:**

- NRK skal framleis ha klare mål om minst 25 prosent nynorsk i sendingane sine. Målet skal gjelda for alle plattformer og i alle kanalar
- NRK skal løfta fram normert nynorsk tale
- NRK bør gje gode vilkår for NRK Nynorsk mediesenter
- NRK skal framleis ha eit godt lokalt tilbod og produsera saker lokalt
- NRK bør halda på kravet om 35 prosent norsk musikk

Bergen Mållag har ein slik utdjupande merknad til høyringa:

Me ser det som særleg viktig at språktilbodet til dei yngste lyttarane og sjåarane er godt, og at ein legg vinn på å spegla heile landet. Me veit at mange ungdommar byter frå nynorsk til bokmål gjennom vidaregåande skule og høgskule/universitet. Mange av desse byta skriv seg frå kjensla av å vera i mindretal og at eins eige språk ikkje er «godt nok». Som ein viktig normdannar for språkbruk i Noreg, har NRK stor påverknadskraft her.

For Bergen Mållag  
Nils Mæhle (leiar)